

Kva tenkjer du no, der du ligg med hendene under hovudet og stirer i taket.  
Tenkjer du at mørkret skulle slukt rommet du ligg i og falle over deg.  
Tenkjer du at ein sjø skulle vogga deg att og fram, skylt lungene dine med salt  
og tatt deg tilbake i tid.  
Tilbake til den brølande byen; skyskraparar og folkemengder som ikkje lenger  
talar til deg.

Tilbake til sterile rom der røynda ikkje kunne nå deg og ho ved sida av deg hadde  
krøllar mellom beina og rosa knuppar på brystet, salte lepper og fingrane til ein tjuv.  
Haltd du ho, forsvann nasen din i håret hennar, song du til ho, elska du ho kvar natt.  
Gjekk du i gater, drakk du deg full for å gløyme eller for hugsa korleis alt berre vert  
slått mellom veggane og ekkoet aldri kom da du møtte ho.

Eller

Tenkjer du på livet som ein sum av alt ein gjer og din sum er negativ. I minus.  
I minus  
då du såg på meg  
snakka til meg, seinare tok på meg  
forførte meg kasta meg ned let ikkje meg sjå deg.  
I minus  
då du neste kvelte meg- cum  
let din eige og ein annan manns sæd falle til jord.